

## 80 års feiring på Kaldhussætra

--- og festen held fram ---

**Etter ei glitrande boklansering på Klovset i eit ver som berre blei meir og meir strålende, så tok feiringa nye former på den hyggelege Kaldhussætra. Det var god stemning i fin natur og hyggeleg tillaga til middag for medlemar og gjestar.**

Bjørg Sætren Kleppe, som også var kjøkmeister under middagen, innleia med dikt ifrå setreboka. Det var Ingunn Linge Valdal som spela inn rømmegrauten, og det vart også nokre fleire låtar frå henne under middagen. Solveig hadde først ein prolog med tenkte tankar om fortid og framover for laget! Bjørg ga så ordet til Kathrine Kleveland som helsa frå Norges Bygdekvinnelag og snakka om dei verdiane som Bygdekvinnelaget står for, og som det er viktig å ta vare på og føre vidare. Trivsel i bygdene kjem ikkje av seg sjølv, Bygdekvinnelaget gjer ein forskjell i bygda! Solveig ga henne setreboka, så ho kan oppdatere seg på setrane og skikkar i vårt område! Solveig hadde vidare eit historisk attersyn med glimt frå laget si historie. Frå 1932 ved skipinga, då 33 medlemar skreiv seg inn. Utfordringar då og til i dag spenner over eit mangfald av saker. Dette viser framsynte kvinner som ville vere med å ta samfunnsansvar. Og med nye tider, nye utfordringar og med tilpassing til det kvinnelivet vi lever i dag. Turid snakka om arbeidet med boka og det er godt å forstå at bokkomiteen har vore trottuge og tolmodige i arbeidet. Mange gode møter hadde dei hatt med dei som har opplevd seterlivet, og desse har gjeve verdfullt stoff til boka.

Bjørg ga så ordet fritt til dei som ville kome med helsingar. Det var Aud Lindis Ødegaard som helsa frå Norddal kommune. Ho ga blommar til laget mykje ros til dette arbeidet. Boka var blitt eit prakteksemplar med seterliv og kulturhistorie frå heile kommunen. Turid ga henne boka som skal vere til kommunen. Turid sa også at VBK er svært takknemleg for tilskot frå Norddal kommune som var medverkande til at vi greidde denne jobben. Det var mange som helsa frå andre frivillige lag. Dei løfta fram samarbeid som eit avgjerande element for gode felles saker. I bygdene våre.

Bjørg takka for frammøtet, og det vart ei god feiring for VBK med bok og jubileum etter 80 år.